


UTBYGGINGSPLAN FOR DEL AV SANDSTØYL  
- GNR 145 BNR 2



- Teiknforklaring**
- BYGGEOMRÅDE, Pbl § 25, 1. ledd nr. 1
    - 5 Nye hytter
    - 1 Eksisterende hyttetomter
  - LANDBRUKSOMRÅDE, Pbl § 25, 1. ledd nr. 2
    - Område for jord- og skogbruk
  - FELLESOMRÅDE, Pbl § 25, 1. ledd nr. 7
    - Felles parkeringsplass
  - SPELIALOMRÅDE, Pbl § 25, 1. ledd nr.6
    - Privat veg
    - Vasspost
  - ANNA SYMBOLBRUK
    - Planavgrensing
    - Eigedomsgrænse
    - Høgdekoter
    - Riksveg.shp
    - Eksisterende bygg - frå ØK
    - Bygde hytter på eksisterande tomter

UTBYGGINGSPLAN FOR DEL AV SANDSTØYL,  
GNR 145 BNR 2 I VINJE KOMMUNE

FØRESEGNER

- § 1  
Desse føresegnene gjeld for det område som er vist med reguleringsgrænse på plankartet.
- § 2  
Området er regulert til fylgjande føremål:  
Byggeområde  
Landbruksområde  
Spesialområde  
Fellesområde
- BYGGEOMRÅDE  
§ 3 - Hytter.  
a) Hytter skal plasserast som vist på plankartet, i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innanfor hyttas fire vegg. Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av teknisk etat.  
b) Tillete bruttoareal for bygning på kvar tomt skal ikkje overstige 85 m<sup>2</sup> (målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd uteareal). Nødvendig areal til bod, do, m.v. skal inngå i bruksarealet.  
c) På kvar tomt skal det berre førest opp ei hytteeining.  
d) Hytta skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området og ha ein enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kleidning og naturvenlege fargar.  
e) Bygningar kan oppførast berre i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vera over 80 cm.  
f) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 20 - 30 grader. Taktokking skal vera torv eller mørke bord.  
g) Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad.  
h) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.  
i) Der hyttene står på pillarar bør det gjerdast mellom desse, dette p.g.a. sau m.v.  
j) På tomt nr 14 er det som plankartet viser plassert ei ny tomt ( nr 9). I tillegg kan det på tomt nr 14 byggast ei "kårsstoge", plassering av denne må vera knytt til eksisterande hyttetun.  
k) Fritidshus i dette området skal ha låg sanitærteknisk standard, det vil seia biologisk do. Gråvatn skal handsamast i samsvar med gjeldande reglar eller påbod gjevne av Vinje kommune.
- § 4 - FELLESOMRÅDE  
Det skal opparbeidast 1,5 parkeringsplass for kvar hytte både til sommar- og vinterparkering. Dette gjeld og dei gamle hyttene i feltet. Byggeløyve vert ikkje gjeve før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidde. Dersom parkering skjer på annan grunn, skal det ligge føre ei tinglyst fråsegn om varig rett.
- § 5 - LANDBRUKSOMRÅDE  
Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området, etter godkjenning i bygningrådet.
- § 6 - SPELIALOMRÅDE  
Opparbeidd privat veg skal nyttast som tilkomstveg til hytter og parkeringsplassar. Vasskjelder (2 stk brønnar) er innteikna på plankartet. Vassforsyning frå vasspostar knytt til desse kjeldene. Det er ikkje lov å knyte seg til vasspost eller leidning mellom vasskjelde og vasspost med stikkleidning fram til hytte.
- § 7 - DISPENSASJON  
Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innan ramma av Plan- og bygningsslova.
- § 8 - PRIVATRETTSLIGE AVTALER  
Etter at planen med tilhøyrande føresegnar er vedteke, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

RETNINGSLINER

- VATN OG AVLAUP  
Det vert ikkje gjeve byggeløyve før turvande tekniske anlegg er opparbeidde.
- RENOVASJON  
Hushaldsavfall vert teke hand om av kommunen gjennom tvungen renovasjonsordning. Hytteigarar pliktar å levere slikt avfall i konteiner sett ut til føremålet.
- STRAUMFORSYNING  
Straumforsyning i området skal leggest i jordkabel.
- TILKOMST  
Tilkost til hytter og parkeringsplassar frå opparbeidd privat veg og avkjøring frå RV37.

UTBYGGINGSPLAN FOR DEL AV  
SANDSTØYL, GNR 145 BNR 2

Kartgrunnlag: Økonomisk kartverk  
Rettar: Statens Kartverk, Vinje kommune  
Kartmålestokk: 1 : 2 000  
Ekvidistans: 5 meter

Planen er utarbeidd av:  
**TERJE RØMO**  
Digital tilrettelegging og kartproduksjon:  
**HM RIT A/S**

Dato: 15.05.01

Handsaming i kommunen:



Målestokk:  
1:2000

VEDTEKEN I PLANUTVALET 30.05.01 SAK 51